KVINNHERAD
KOMMUNE
Oppvekst

2025-2026

Årsplan for SFO - Uskedalen skule

SFO- tilbodet er forankra i lov og forskrift. Kapittel 12 i opplæringslova om trygt og godt miljø, og verdigrunnlag og prinsipp i overordna, gjeld for heile skuletida til elevane, i undervisnings- og SFO-tid. Hausten 2021 fekk SFO eigen rammeplan, denne syner nasjonale ambisjonar og målsettingar for SFO.

Kvinnherad kommune sine SFO -vedtekter og informasjon om tilbod, betalingssatsar og moderasjonsordningar (redusert foreldrebetaling) er tilgjengeleg på Kvinnherad kommune si heimeside *her.*

INNHALD

1. Innleiing

2. Praktisk informasjon

3. Trygt, godt og inkluderande SFO- miljø

4. Aktivitetsplan

5. Tilsette

1. INNLEIING

Formålet med SFO er å gi omsorgs- og tilsynstilbod for elevar i 1.-4. trinn og for barn med særskilde behov på i 1. -7. trinnet.

Årsplanen viser korleis vi arbeider for å realisere eit trygt, godt og inkluderande miljø gjennom aktivitetar og innhald med utgangspunkt i leik, kultur, fysisk aktivitet og måltidsglede. Vi er opptekne av at elevane skal få medverke, og at innhald og aktivitetar er tilpassa elevar i ulike aldrar og med ulikt funksjonsnivå.

På Uskedalen skule er det 25 barn som nyttar seg av SFO. SFO har eigne rom, men nyttar og sløydsal, kjøkken og idrettshall.
Skulen og SFO samarbeider om det enkelte barn, og sikrer at rammene rundt barna er trygge. Tilsette i SFO har møte med rektor kvar måndag. Møta handlar om korleis vi kan utvikla SFO, dagleg drift, kursing, informasjon om det enkelt barn, trivsel og vennskap.

2. PRAKTISK INFORMASJON

Elevane kan ha ulike SFO- tilbod. Tal elevar er styrande for kva SFO - tilbod skulen har. Jf. Kommunale vedtekter, tilbod og betalingssatsar.
Det ordinære SFO-tilbodet følgjer skuleruta for Kvinnherad kommune.

Opningstider

Tilbod/dag:	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Morgon	07.00-08.15	07.00-08.15	07.00-08.15	07.00-08.15	07.00-08.15
Ettermiddag	12.30 – 16.00	13.50-16.00	13.50-16.00	13.50-16.00	12.30-16.00

Rutinar i kvardagen

Tilbod:	Oversikt/plan:
Morgon Elevane kjem til rom A125, hovudrom SFO	Kl. 07.00: SFO opnar Kl. 07.00: Frukost etter behov, og etter kvart som dei kjem til Kl. 07.15: Felles aktivitetar (t.d. spel, lekser, lesing mv.) Kl. 08.00: Vi går i klasseromma
Ettermiddag **Start:** Elevane kjem til SFO-basen **Slutt:** Elevane vert henta/går heim etter avtale med føresette	Kl. 12.30/13.50: Innsjekk og mat Kl. 13.00/14.30: Aktivitetar inne og/eller ute Kl. 16.00: SFO stengjer

SFO og heimen – Kva kan ein som føresett forventa seg?

- At barnet ditt blir sett og høyrt kvar dag
- At vaksne er flinke til å gje positive tilbakemeldingar, rosa og oppmuntra
- At barnet ditt får trøyst og omsorg etter behov
- At barnet ditt får hjelp til å leika og finna venner
- At SFO har klare reglar og rutinar
- Klok handtering når barn utfordrar
- At de tilsette gjev beskjed om noko spesielt har skjedd i løpet av dagen
- At SFO tilbyr eit godt og variert aktivitetstilbod
- At SFO jobbar i tråd med vedtekter og kvalitetsplan

SFO forventar at de føresette …

- Seier frå om det er noko de lurer på, eller anna som vedkjem barnet ditt
- Sørger for at barnet har kler etter vèret, i garderoben
- Seier frå når de hentar barnet, og hentar barnet i rett tid
- Oppmuntrar barnet til å være inkluderande, visa omsorg og respekt
- Respekterer fristar for påmelding til aktivitetar og ferier

SFO forventar at barna, med litt trening, klarer …

- Å henge opp kler og halde orden i garderoben og skulesakene sine
- Å vaska hender etter do-besøk og før mat
- Å sitta i ro under måltid
- Å rydda opp etter mat og etter eigen leik
- Å følge skulen og SFO sine reglar

Kontakten mellom føresette og dei vaksne i SFO skjer om morgonen/ettermiddagen og via VISMA og/eller telefon. Føresette står fritt til å ringe SFO-koordinator for ein samtale, og ein kan til ei kvar tid kontakte rektor. Elles er alle som arbeider på SFO tilgjengelege i arbeidstida om det er noko de lurer på. Daglege beskjedar som handlar om endringar når barnet skal gå heim o.l. skal sendes til VISMA. Meldingane må sendast inn seinast kl. 08.10 same dag.

3. TRYGT, GODT OG INKLUDERANDE SFO-MILJØ

SFO skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsett i opplæringslova og i overordna del. Det betyr at det skal leggast vekt på:

- Tryggleik og omsorg
- Vennskap og gode relasjonar
- Trivsel og helse
- Demokrati og fellesskap
- Mangfald og inkluderande praksis
- Sjølvkontroll
- Sosial kompetanse

Visjon

Felles innsats for felles mål.

Mål

Tryggleik og trivsel. Skapa gode relasjonar. Førebygging av mobbing, §12.

SFO skal legge til rette for leik og engasjera og inspirera barna, som kan bidra til allsidig utvikling og læring.

SFO skal ha eit variert tilbod av fritidsaktivitetar som er tilpassa interessene og forutsetningane i barnegruppa. Vi brukar idrettshallen og uteområdet rundt skulen aktivt.

Målet er at barna skal vera ein del ute i SFO-tida kvar dag. I tillegg til uteområdet på skulen har vi mange turar til ulike basar skulen har opparbeida i nærområdet.

Nulltoleranse og aktivitetsplikt:

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (Opplæringslova. § 12)

Vere gode og trygge rollemodellar for barna. Skape gode relasjonar, mellom barna i gruppa, og mellom dei tilsette på SFO. Visa god omsorg. Aktivt bidra til fellesskap og leik der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til.

Dei fem delpliktene: Følgje med – gripe inn – varsla – undersøke – sette inn tiltak skal gjelde for alle tilsette på skulen og SFO. På SFO skal vi ha fokus på å vera tett saman med borna, slik at vi skapar trygge og gode leike- og aktivitetsmiljø.

4. MÅNADSPLANAR SKULEÅRET 2025/26

AUGUST:	Bli kjend med kvarandre.
SEPTEMBER:	Organisert leik, turar og bruk av hallen.
OKTOBER:	Haustaktivitetar, organisert leik.
NOVEMBER:	Vi startar førebuingane til advent.
DESEMBER:	Juleaktivitetar.
JANUAR:	Vinteraktivitetar ute, fri- og organisert leik.
FEBRUAR:	Sløyd, aktivitetar i hallen og frileik.
MARS:	Turar, bruk av kjøkken, frileik ute og inne.
APRIL:	Påskeaktivitetar.
MAI:	Vi pyntar til 17.mai, hallaktivitetar, turar og frileik.
JUNI:	Frileik og avslutning for sfo-året.

5. TILSETTE

Leiar: Odd Steinar Arnesen

Fagarbeidar: Vibeke Fredheim

Fagarbeidar: Maria Legland

Assistent: Hildegunn K. Hansen

SFO-koordinator: Jorunn G. Myklebust

Fagarbeidar: Eva Irene S. Myklebust

Fagarbeidar: Rebekka Maria Røen

Lærling: Mona Voll